



Ekteparet Eikeland var dei første som flytta inn og her nyt dei panoramautsikten frå tredje høgda

Prosjektet Eikelandet Brygge hadde ein tung fødsel men endte med suksess etterat Geir Rusten tok over. No har han seld alle 8 hus og uskedalen.no får opplyst at 4 av dei skal nyttast som fritidsbustader medan det rykkar inn fastbuande i dei 4 andre. 2 av den første kategori kjem frå Stord, ein frå Hardanger og ein frå Os. Dei fastbuande kjem frå Kvinnherad.



Uskedalen har fått eit nytt prosjekt med særpreg

Det første huset vart seld i juni til Henny og Rune Eikeland (!) frå Stord og sidan har det stort sett gått unna eitt hus i veka.



Alle 8 hus er no selde

Eikelandparet har overteke huset som ligg lengst vest og den andre kjøparen frå Stord - Geir Torsnes - huset lengst aust. Alle kjøparane er no på veg inn. Eikeland og kona kan ikkje få fullrost Eikeland Brygge der dei sit på terrassen i tredje høgda og nyt panoramautsikten mot dei sentrale delane av Uskedalen.

Rosen gjeld ikkje minst dei dyktige snikkarane frå Estland som har hatt jobben. Dei har gjort ein utruleg bra innsats og no er prosjektet så godt som ferdig.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen